

Halling- lyom



Dagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

NR. 1/26

Innhald

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Innkalling til årsmøte	side	5
Årsmelding for Hallinglaget	side	6
Årsmelding for Hallingbu	side	10
Bildeside	side	11
Helgekurset 1. og 2. november	side	12
Program for hausten	side	13
Årets Folkedansarar	side	14
Ulf-Arne – vår eigen danseleiar	side	15
Folk i farta – Ingrid Fossum	side	16
Folk i farta – Saimi Kortelainen	side	17
Folk i farta – Åsmund og Ane	side	19
Infoside om Hallinglaget	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Hallinglaget seglar vidare inn i år 2026, etter mange gode danseår etter pandemien ...

Etter gode minner frå i fjor trur me også at det nye året blir bra! Me har funne formelen på vellykka øvingar. Så me satsar vidare på knallgode danseøvingar annan kvar onsdag, deltaking på lagdansar, artige minikurs og gilde helgekurs i hallingsspringar! Det er mange hundre som har prøvd seg på hallingspringaren dei siste åra! – me i styre og stell ynskjer velkomen til dans i det nye året.

Folkemusikken og folkedansen er i vinden for tida, dei fleste opplever vekst og god deltaking. Takk for det, det er så moro når dansen går over glatte golv. For tida har me særst gode spelemenn og dansarar som verkeleg skapar liv og røre i Halli annan kvar onsdag. Møt opp du også og sjå korleis det går føre seg. Det er liten risiko, berre 50 kr. for fyrste kvelden, med levande musikk og gode kaker med kaffi, tè eller vatn! Eg som har drivi på lengst i laget minns den tida vår gode venn, støttespelar og skrivar Oddmund Vestenfor dikta som best etter ein dram eller to! Eitt av dikta hans lever vidare på dei gjeve diplomane som delast ut etter eit aktiv halvår med dans. For å få dei krevst det at ein er med heile 75% av øvingane. Diktet er slik:

*"Dans deg ledug, dans deg laus,
lat fela fylle hold og haus!
Sit 'kje sturen, slapp og bleik,
hiv deg ut i frilynd leik!"*

Veldig bra skrivi! Dans er sosial trim og ei søkkande fin samværsform, og no har me så gode spelemenn i blant oss at me lyftast rundt so lett so lett! Takk til spelemennene og kakebakerne som gjer øvingane til ein fest. Einaste ulempa med den nye tida er at ein no ikkje får dansa med alle! – me er for mange! - men me er flinke til å bytte på – normalen er at etter to dansar så sier ein takk for dansen sjølv om det er ein drømmepartner ein dansar med!

Ved sida av dansen har me også ei fin lagshytte i Lillomarka i Nittedal kommune. Til sommaren blir det ein del aktivitet på Hallingbu, merk deg at marka er vakker og at hytta vår er unik! Hallinglaget vil sette stor pris på om folk blir med på ein eller fleire turar til hytta vår i året som kjem! Si gjerne frå om du vil vite om alle turane som vi vil bli gjennomføre til sommaren ... for elles roer antal meldingar seg i sommarmånadene.

Rekruttering av medlemmer til Hallinglaget går bra, mange vil vere med å danse. Rekruttering til Styre og Stell går tyngre! Merk dykk at laget treng folk til ulike oppgåver så bli glad om du blir spurt om du vil vere med! Bli med om du har tid og krefter, men det er sjølv sagt lov til å si nei om det ikkje høver.

Lev godt der du er og kos deg med Lagsbladet! Eg håper du finn noko av interesse og det er også lov å kome med bidrag til undeteikna, dess fleire som skriv dess betre blir bladet.

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!

*Beste helsingar frå
Terje Grangård
Leiar i Hallinglaget*



**INNKALLING TIL ÅRSMØTE I 2026
I HALLINGLAGET I OSLO**

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget
Onsdag 25. februar kl. 17:30
i
HALLI
Nordahl Bruns gt. 22.**

Sakliste:

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2025
4. Godkjenning av rekneskapen for 2025
5. Arbeidsplan for år 2026.
6. Dugnadsarbeid på Hallingbu: Sjekke og måle ferdig glasa Beise noko på hytta og uthus. Sjekke bølgeblekket! Tette for musa! Rydde litt skog og rydde i vedskjulet. Vaske noko i hytta.
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (3)
8. Velje representantar til Årsmøte i BLS 24. mars.
9. *Diskusjon:*
Visjonar for framtida for Hallinglaget og Hallingbu.

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 13. februar 2026.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2025, har røysterett på årsmøtet. Alle interesserte er velkomne til å høyre på.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte. Etterpå er det ei gild springarøving!

Vel møtt!

Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2025

Styret:

Leiar: Terje Grangård.
Nestleiar: Åsmund Fauske Jøtun.
Kasserar: Gro Sissel Taraldrud.
Skrivar: Unni Johannessen.
Styremedlem: Else Mohn.
Styremedlem: Ingrid Smette.

Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn.
Medlemer: Michel Gascoin og Johnny Lund.

Bladstyre: Terje Grangård, Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Danseleiar: Ulf-Arne Johannessen.

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Revisor: Knut Skrindo.

Året 2025 var eit bra år for Hallinglaget! Eit særst bra danseår med gilde lagdansar, minikurs og helgekurs i hallingspringar med dyktige folk! Men det er danseøvingane som er det viktigaste me driv med, ein stor takk til spelemenn, kakebakere og alle dei glade dansarane som kjem for å danse og spreie glede rundt seg. Meir om aktivitetane seinare, dette var berre eit lite samandrag.

Årsmøtet vart halde den 26. februar og samla 10 positive deltakarar. Knut Skrindo gjekk ut av Styret, då han har blitt overtala til å bli med i Røde Kors, men han tok på seg revisorjobben! Alix Cordray gav seg etter om lag 40 år som revisor, ein stor takk til ho. Me har også stor glede av Knut som er så god til jobben med påmelding og registrering til lagdansane! Både til Landskappleiken i Eidfjord og lagdansen på Oslokappleiken i Oslo. Det var to lag begga stader, med god deltaking og resultat.

Takk til medlemene som støttar opp om laget og melder seg inn og betaler medlemsavgift! Det er viktig at laget vårt har eit visst antal medlemer slik at laget vårt er å rekne med i BLS og Noregs Ungdomslag. I 2025 hadde laget 31 fullt betalende medlemer, av desse var heile åtte medlemer under 26 år! Det er bra og me takkar også våre 14 bimedlemer (fullt medlem i anna lag i BLS) som støttar opp om laget. Med full aktivitet framover så håper Hallinglaget på minst like mange medlemer i 2026, så betal medlemsavgifta om du kan/vil! Merk at det er ekstra rimeleg for dei under 26 år å bli medlem (kun 250 kr.), for dei som er over 26 år koster fullt medlemskap 400 kr. Bimedlemskap koster 220 kr. og det gjeld for vaksne.

Øvingskveldar i laus og hallingspringar

Dette året har hatt gilde øvingar i laus og hallingspringar! Det er veldig bra at folk kjem for å danse og stemninga på øvingane har vore topp. Vår særst gode danseleiar Ulf-Arne Johannessen har sørge for god instruksjon. Ein stor takk til spelemennene våre, ofte veksler Åsmund og Ulf-Arne på å spele, henholdsvis på hardingfele og einrader. Dette skaper variasjon og glede og gjer at begge også kan danse! Mange andre har også spelt på øvingane våre, me har mange særst gode spelemenn som vil spele for oss. Eg nevner desse: Kjetil Meberg Myhren og Saimi Kortelainen på hardingfele, Andrea Søgner på langeleik og Vebjørn Jøtun Fauske på torader. Gjesteartistar på Minikurset i haust var Astrid Garmo og på helgekurset i haust spelte Arne Anderdal, begge desse på hardingfele.

Laus og springarøvingane er basert på dugnad og er eit viktig bidrag til kulturarbeidet som Hallinglaget gjer i hovudstaden. Frammøtet i år har vore særst godt, deltakinga har variert mellom 25 og 60! Rekorden på 60 deltakerar vart sett på øvinga 19. november, det var ein vinterleg novemberdag og folk berre strøymde på! Dette gjer det litt meir krevjande å arrangere kveldane, så om det fortset slik må me kanskje ha to kakebakarar kvar gong! Elles kan ikkje folk forvente å ete seg mette på kaker!

Ein stor takk til alle som er med og dansar!

Elles vart me kjendisar på øvinga 24. september! Då vart me vitja av ein journalist frå Nationen, Vetle Hvitsand frå Ål!, som fyrte av noko voldsomt med bilder og la til ein del bra tekst. Me svarte så godt me kunne, beste svar av Ulf-Arne som fekk det ned på jorda. Eit referat var sendt ut til alle på e-post-lista. Moro med PR, men så mykje meir kom det vel ikkje ut av det, men kor er Hallingdølen?

Gild lagdans under Landskappleiken i Eidfjord:

Godt beskrivi i siste nummer (2/25) av Hallingljom: Lagdansen på Landskappleiken var ei oppleving på fleire måtar, me stilte med to fulle lag, det vil si 20 dansepar! Heilt fantastisk på ein torsdag i juni langt der borte i vest! Fakta om deltakinga på lagdansar er:

Landskappleiken i Eidfjord 27. juni: Det var 41 lag som deltok! Heile 40 dansa for Hallinglaget!
Lag 1: Sp.m. Kjetil M. Myhren, 30. plass, 61 poeng. Lag 2: Sp.m. Åsmund F. Jøtun, 23. plass, 68 poeng.

Oslokappleiken 11. oktober: Der var 7 lag som deltok. Over 30 dansa for Hallinglaget.
Lag 1: Sp.k. Saimi Kortelainen, 5. plass, 62 poeng. Lag 2: Sp.m. Øyvind Brabant!, 3. plass, 64 poeng.

Heile 13 dansarar hadde gleda av å danse på Masterkonserten til Saimi på NMH 11. desember! Me dansa till hennar gnistrande hallingspel på hhv. hardingfele og seljefløyte mens Lindemannsalen vart fyllt opp av tilskodarar! Ei stor oppleving, så no er Saimi «Master og Music» - sjølv sagt! - ho er god!

Minikurs, folkedanskveld og helgekurs dette året

Det var to minikurs på sundagar dette året, 26. januar og 7. september. Begge kursa samla bra med deltakarar, omlag 20 på begge kursa. Hallinglaget fekk gode folk til å halde desse kursa. Ulf-Arne Johannessen frå Ål var super instruktør på begge kursa. Åsmund Fauske Jøtun spelte hardingfele på kurset i januar og Astrid Garmo på kurset i september. Veldig god stemning på desse minikursa og det er overraskande kor bra folk dansar etter berre halvannan time med kurs!

Hallinglaget var også tilskipar av Folkedanskvelden på desse sundagane. Hallinglaget takker alle dei som hjalp til! Desse kveldane er viktige både for laget og BLS. BLS støtter laga som bidrar med tusen kroner og dette er nyttig inntekt. Laget treng faktisk nokre inntekter for å klare seg. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen, og folk som dansar i Hallinglaget er av dei som møter opp. Nytt i haust er eit samarbeid med «Kom og Dans» som no skipar til swing i Halli! Gamaldansen med gode spelgrupper er i Storsalen som før. Etter dette har det vore oppimot 100 til stades på sundagskveldane.

Laget dreiv aktiv marknadsføring for Helgekurset vårt som var bestemt til helga 1. og 2. november! Helga kolliderte med diverse aktivitetar i år også (Leikfesten til BUL og Tuvas Blodklubb), men det gjekk bra, folk meldte seg på jamt og trutt! Det vart faktisk rekorddeltaking dette året, med heile 40 deltakarar. Dans har vorte populært i hovudstaden, og sjølv sagt hallingspringar som er ein så bra dans! På helgekurset lærer ein hallingspringaren skikkeleg. Helgekursa våre er særst gode og intense, kurset går frå 12 til 16 både laurdag og sundag, med ein god lunsj midt på. Hallinglaget takkar alle som bidrog her. Fyrst instruktørane Ulf-Arne Johannessen frå Ål og Andrea Søggen frå Gol, og vår gode støttespelar og spelemann Arne Anderdal frå Voss/Hemsedal. Arne spelte faktisk gratis som ei gest til

uss og Dextra Musica, der han har fått lånt ei sær s god hardingfele! Og utan dugnadsfolk så får me ikkje til kursa våre. Ein stor takk til Else Mohn, Gro Sissel Taraldrud, Unni Johannessen, Helen Engelstad, Ingrid Smette samt altnoglemannen Terje Grangård som får med folk, trekker i mange tråder og danser med så mange han rekk! Me bytta ofte så det gjekk veldig bra. Det er få stader ein kan lære meir dans på ei helg enn her.

PR-arbeid og lagsarbeid

Ein kan følgje med på aktivitetane våre på Facebook-gruppa «Hallinglaget i Oslo» og på Instagram «Hallinglaget». Der ligg det bilder og videoar av aktivitetane våre. Dei som er registrert med e-post får ekstra mykje info. om kva som skjer i laget.

Dette året har me hatt tre styremøter før øvingane, eit i januar, eit i april og eit august! Me hadde ikkje tid til meir, det var ein krevjande haust med store øvingar og kurs! Mange epostmeldingar vart sendt der me planla aktivitetar og drift. Når me samlast til styremøte i Nordahl Bruns gate blir pizza servert, det gir god stemning under møtet. Her får me også vite litt om kva folk driv på med privat!

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar, etter heltemodig innsats av underteikna. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsfyr, det er fine utgåver som me håper folk set pris på. Papirkopier av avisa blir no berre sendt ut til medlemene og til dei dei som kjem på øvingar og kurs. Men alle på epost-lista til Hallinglaget får avisa på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er viktig, både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader til lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje er eldsjel for avisa, og han set stor pris på at andre skriv noko også. Artige bilder er også viktig for ei god avis, så send inn om du har noko.

Nettsidene til Hallinglaget skal oppstå att på www.hallinglaget.no, det vart endringar då prisen vart tredobla der me var! Her finn ein informasjon om aktivitetane våre samt ei side med linkar til dei siste utgåvene av Hallingljom.

Juleavslutninga

Juleavslutninga 3. desember var vellykka, med supert dansespel i Halli som var rigga til på beste måter med pynta bord i ein halvsikel, der me fekk benka over førti som var innom denne kvelden! I år var det også masse kaker ved fire kakebakarar, klementiner og Elses gløgg. Takk for supert dansespel ved Åsmund Fauske Jøtun, Saimi Kortelainen og Vebjørn Jøtun Fauske. Variert spel på hardingfele, fiolin, seljefløyte og torader! Mest variert var Saimi som også spelte eit par polsar, ein finnskogspols og ein telespringar før ho avslutta med ein hallingspringar på fløyta si! Diplomar til dei som hadde delteke på 75% av øvingane vart delt ut, heile 22 hadde klart det! Det var ein fin kveld, stor takk til alle som kom.

Stønader og anna

Dette året fekk Hallinglaget sær nyttig driftstønad både frå Skue Sparebank og frå Sparebank 1 Hallingdal Valdres. Som tidlegare år fekk me også stønad frå Folkekulturforbundet i Vågå for øvingane våre vinter/vår og haust som me køyrer som ein kursserie med naudsynt instruksjon. Laget fekk også momskompensasjon dette året, noko over tre tusen. No må det lagast ein eigen momsrapport frå aktuelle bilag året før. Det at det krevst ein eigen rapport kvart år om ein skal få ut pengar, er litt tungvint! Kven skal orke dette i framtida?

Nytt dette året var at Hallinglaget fekk frifond-midlar fordi me hadde 8 medlemmer under 26 år! Kravet er 5 unge medlemmer. Dette gav ei kjærkomen inntekt, så unge medlemmer er gull verdt! Få dei med!

Dette året var det også gode renteinntekter på grunnkapitalen vår som me har i Sparebank 1.

Likeins har me nokre støttespelarar som har sett opp Hallinglaget som bidragsmottaker ved Norsk Tipping. Alle monner drar så det er viktig at me er vakne og passer på søknadsfristene.

Dette året var faktisk underteikna så ivrig med å søke stønad så laget fekk eit stort overskot. Noko av overskotet vil bli overført til Hyttefondet som skal brukast til Hallingbu og noko av det andre vil kome ungdomen til gode.

Aller viktigast er det at folk kjem på øvingane og tilskippingane våre. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget. Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet vårt! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til det nye året når me startar opp, til lek og moro og eindel jobbing.

Takk til alle som stiller opp for laget.
Leve Hallinglaget!

*21. jan 2026,
Terje Grangård
Leiar i Hallinglaget*



Styret i Hallinglaget som vart valgt på Årsmøtet i 2025:

*Frå ventre: Unni Johannessen, Gro Sissel Taraldrud, Else Mohn, Terje Grangård,
Åsmund Fauske Jøtun og Ingrid Smette. «Heile Styret sitter på scena i Halli».*

Årsmelding Hallingbu 2025

Året 2025 er omme og i år vart det ikkje meir enn eit par dugnadsturar og ein spikjikkjøttur te Hallingbu.

Men turane var fine og på dugnadsturane dette året fekk med gjort mykje. Både hytta og uthuset har fått seg kvar sin gode rundvask, og to glas vart reparera; det store glaset i stugua fekk lagt på sitt andre og siste målingsstrøk ute. Det vesle glaset i uthuset var også skada, så det gøyv leiaren på med skraping og sjølv laga grunning, og seinare vart det kitta! Ferdigmåla neste år håpa me på. Pipa blei behandla med betongolje og resten av veden som stod ute vart saga opp. Elles har me rydda meir på stigen ned til vatnet, me har bada, spist godt og hatt hyggeleg besøk av naboen Gisela, som har hytta rett på andre sida av Ormtjern

Spikjikkjøttur vart det også i år, og fyrste gongen på kor mange år (?) utan leiaren, han var sakna, men me fekk det tel ☺ Det var sju stykke som hadde ein fin tur på Hallingbu ein onsdags ettermiddag og kveld med spikijmat ute etter ein svalande dukkert i Ormtjern. Kake hadde me au og fine nyplukka blomar på bordet, no va det sumar!

Hallinglaget er nok primært eit danselag, sjølv om med ei slik grom lagshytta som Hallingbu er, så kunne me godt ha vore eit hyttelag med☺

Så det er berre å melde seg om nokon ynskjer å vitje hytta eller vera med på turane me sett opp, alle er særers velkomne!

Else Mohn



Unni og Elizabeth finn fram te Hallingbu!



Spikjikkjøtturen er alltid kos! ...



Dugnaden er i gang! Else og Terje er drivkreftene her ...



.Øvinga 19. november, då «alle» kom! Det var nok 60 personar innom på øvinga! Og alle fekk smake på kaka til Ingunn Vagstein som stilte opp med heile 72 kakebitar! Takk for ei fabelaktiv øving!

**Helgekurset i Hallingspringar helga 1. – 2. november 2025,
12:00 - 16:00 begge dagane. Rekorddeltaking - over 40 personar deltok!**



Helgekurset hausten 2025 var særers vellykka med 38 betalande deltakarar. Fotograf: Svein Aasen.

På biletet ser me dei som var på plass då bilete vart teken ein gong på laurdagen:

Sitjande frå venstre: *Susanne Boucher, Elisabeth Farstad, Grete Iversen, Maria Høgetveit Jølle, Terje Grangård (Arr.), Andrea Søgne (Instr.), Ulf-Arne Johannessen (Instr.), Amelie Naim, Vigdis Vollan, Sindi Oksman, Ida Sveinhaus, Erle Flage og Gabriel Mareque.*

Ståande frå venstre: *Arne Anderdal (Sp.m.), Maja Stensdal, Jesper Olaussen, Ragnhild Anderdal, Ane Ledang, Bjarte Totland, Kaja S. Elisen, Gro Sissel Taraldrud (Arr.), Elvin Ingeborgrud Berg, Else Mohn (Arr.), Helen Engelstad (Arr.), Erling Berstad, Tora Ferner Lange, Elisabet Driveklepp, Ingunn Vagstein, Hallvard Øfstaas, Anne Bjonness-Nilsen, Ole Ekornes, Harot Yacoubian, Vera Movik, Sigbjørn Galdal, Camilla Danielsen, Ragnar Boye, Theresa Fett, Christine Bjonness-Nilsen, Toril Hasle, Jonathan Kalvik, Annie S. Pedersen, Elin Bjørnson, Saimi Kortelainen, Arthur Henriksen og Stanislav Walkonen.*

Det kom ein par personar til på sundagen! Konklusjonen er at det var mange som lærte seg hallingspringaren denne helga! Ein stor takk til alle som stilte opp. Dei gjorde at det vart eit bra kurs! Hallinglaget sender ein stor takk til instruktørane Ulf-Arne Johannessen og Andrea Søgne og til den gode spelemannen Arne Anderdal som spelte gratis på kurset! Takk til han og Dextra Musica!

Ref.: Terje Grangård

HALLINGLAGET i OSLO vinter/vår 2026

Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er øvingar desse onsdagane:

For meir info.: *Meld dykk på epost-lista til Hallinglaget, eller bli ven på Facebook!*

14. jan.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
28. jan.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
11. feb.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
25. feb.	Årsmøte 17:30/ Springarøving kl 19:00 - 21:00
11. mar.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
25. mar.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
	PÅSKA 2026
22. apr.	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
6. mai	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
20. mai	Laus/Springarøving kl. 18:30/19:00 - 21:00
3. jun.	Sommaravslutning kl. 18:30 - 21:00
	Utdeling av diplom til ihuga dansarar.

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Onsdag 25. februar: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!

Startar presis kl 17:30 i HALLI !

Medlemer oppfordrast til å møte! Styret i Hallinglaget set pris på innspel ...

Sundag 15. mars: MINIKURS I HALLINGSPRINGAR kl. 18:00!

Hallinglaget skipar til eit nytt Minikurs med dei beste folka!

Langt fram, men Hallinglaget håper på desse karane: Denne sundagen vil Ulf-Arne Johannessen instruere og Åsmund Fauske Jøtun spele!

MERK: *Hallinglaget skipar til denne Folkedanskvelden frå 19:30-22:00!*

24. mai – 31. mai: Folkemusikkveka 2026 på Ål!

Sjå: <http://www.folkemusikkveka.no> – 50 års Jubileum!

Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai og bli med!

Onsdag 10. juni: Spikjikjøttur til Hallingbu!

Opplev hytta vår og Lillomarka på sitt beste ...

24 - 28. juni: Landskappleik på Hovden, øvst i Setesdal!

Setesdal er vertskap! Sjå: <https://www.landskappleiken.no>

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.no - under arbeid !

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: #Hallinglaget

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (482 04 652), (grangard@online.no)

Åsmund Fauske Jøtun (938 33 229), (aasmundfauske@gmail.com)

Gro Sissel Taraldrud: (480 34 943), (gstaraldrud@gmail.com)

Her skulle det vore ein super artikkel på to sider av ein som hadde lovt det! Det er veldig vondt for meg som venter og venter og som må skrive noko i all hast etter fristen!

Hugs at det kan være eit være eit være eller ikkje være for Hallingljom om det fortset slik!

Eg håper at den folkelege kulturen kan leve vidare, elles blir det berre stjernene som rår. Stjernene nedanfor imponerer meg med at dei også stiller opp for vanlege folk og får folkedansen ut til folket!



Silje Onstad Hålien fekk pris!

Fotograf er Runhild Heggem, takk til ho ... og Hallinglaget gratulerer jentene ...



Vilde Ellegaard Westeng fekk pris!

Silje Onstad Hålien er Årets folkedansar 2025!

Silje Onstad Hålien er tildelt prisen Årets folkedansar 2025 for eit kunstnarskap som kombinerer djup tradisjonskunnskap med ein open og utforskande scenisk praksis. Prisen vart utdelt under opninga av folkedansfestivalen Dans Dans Dans i Oslo i kveld, 24. jan. 2026.

Med røter i folkedansen i Vang i Valdres, og med utdanning frå både Noreg og utlandet, har Silje i over 15 år vore med på å utvide forståinga av kva norsk folkedans kan vere i dag. Gjennom eigne produksjonar har ho nådd publikum frå Fagernes kulturhus til Royal Albert Hall i London.

Eit sentralt tema i kunstnarskapet hennar er samspelet mellom musikk og dans, og kvinnekroppen sin plass i ein tradisjonelt mannsdominert sjanger. Gjennom kompaniet Mamelukk har ho opna folkedansen for nye perspektiv og erfaringar.

Vi gratulerer Silje Onstad Hålien med ein svært velfortjent pris!

Vilde Ellegaard Westeng tildeles prisen Årets unge folkedansar 2025!

Vilde Ellegaard Westeng har gjort historie som den første kvinna som har delteke i A-klassa i halling, og som den første kvinnelege vinnaren av ei halling-klasse då ho tok sigeren i Halling C i 2019.

Ho er også A-klassedansar i pardans og har det siste året stått bak og medverka i ei rekke sceniske prosjekt og produksjonar. Ved sidan av eigen utøvande aktivitet underviser Vilde både born, ungdom og vaksne i folkedans – mellom anna gjennom Tuvas Blodklubb på turné i inn- og utland.

Prisen Årets unge folkedansar 2025 er ei anerkjenning av Vilde sitt talent, pionerarbeid og innsats for å inspirere nye generasjonar folkedansarar. ✨ Gratulerer!

Ulf-Arne Johannessen, vår eigen Danseleiar og Spelemann

Ulf-Arne hadde fortent ein pris, det kjem nok ein gong det også!
Takk for at han stiller opp for Hallinglaget så mykje som han gjer. Det er gull verdt!
Det er veldig moro at folk som får priser er kjenningar av Hallinglaget.
Svein i fjor, Silje og Vilde i år – kva med neste år? Veldig bra at dansarar får priser også!



Ulf-Arne i kjent positur med durspelet sitt. Han spelar og dansar så Halli blir fyllt opp annan kvar onsdag! Møt opp du også :=)

Folk i Farta:

Folkelarm 2025 - Ingrid Lingaas Fossum er årets folkemusikar!



Ingrid Lingaas Fossum - Foto: Sanne Løkke

Folkelarm/FolkOrg skriv:

Ingrid Lingaas Fossum vart heidra som årets folkemusikar laurdag 15. november under Folkelarmprisutdelinga på Riksscena i Oslo. Årets vinnar har det siste året markert seg som ein framifrå utøvar, formidlar og tradisjonsberar. Vinnaren har vore aktiv både høgt og lågt – på scener, i studio og i møte med publikum i ulike format.

I tillegg til sine eigne produksjonar og album har Årets folkemusikar delteke i fleire prosjekt og førestillingar, der ho viser breidde, samarbeidsevne og kunstnarleg nysgjerrigheit. Ho har også vore ein viktig formidlar og undervisar, der ho gir vidare kunnskap, repertoar og speglede til nye generasjonar.

Med langeleiken i sentrum har ho lyfta fram eit av våre eldste og mest særmerkte instrument, og gjort det med spel av ypparste klasse, ein varm og uttrykksfull song og eit lyttande samspel. I samband med langeleikens 500-årsjubileum i 2024 har ho lagt ned ein enorm innsats. Ho har oppsøkt, spela på og spela inn musikk på historiske langeleikar frå mange delar av landet. Dette arbeidet har resultert i både konsertar, innspelningar og formidling som set instrumentet i eit nytt lys, samtidig som ho tek vare på og vidarefører ein sterk tradisjon.

Gjennom sitt arbeid kombinerer ho høgt kunstnarleg nivå med eit brennande engasjement for tradisjonen, og ho har på ein sjeldan måte klart å gjera langeleiken relevant for både dagens og framtidens folkemusikkfelt.

Terje skriv:

Det vart litt av ein dag for Ingrid! – ho fekk også pris i kategorien «Årets album» med den unike plata «Eit halvt tusenår». Med spel på særsl ulike eldre langeleikar, den eldste 500 år! – noko av dette arbeidet vart synt før den flotte Langeleikmønstringa der over 30 langeleik-spelarar feira 500-års jubileet for vel eit år sidan. Vår eigen Andrea Søgner var også tungt med der, ho var med som programleiar og utøvar. Eg er glad eg var der! – her vart langeleiken løfta fram i **lyset for godt!**

Og Ingrid er overalt og spreier glede rundt seg, også i Hallinglaget, der ho alltid er velkomen. Ingrid og Andrea er gode vener og dei lyfter fram både musikk og dans. Eg vil reklamere for gruppa «**Treak**» enno ein gong, der kan de oppleve Ingrid saman med Marit Karlberg og Ingeborg Onstad, med fin fleirstemt song og spel på langeleik og lyre. Det er mykje godt frå Valdres veit de; Hallinglaget ynskjer Ingrid og alle hennar vener lykke til med mange gode år framover.

Saimi Kortelainen, er no Master i Musikk!

Vår kjære Saimi vart «Master of Music» med ein innhaldsrik konsert på Musikkhøgskola 11. desember i fjor! Konserten markerte avslutninga av nesten 5 år med intense studiar. Hallinglaget hadde gleda av å danse under oppstarten av konserten som inneheldt det meste, norsk folkemusikk, klassiske verker og særsl eigen song! Saimi er ein multiinstrumentalist, ho meistrar fiolin, hardingfele, seljefløyte, song og teater. Ho er av verdas beste på fiolin, og ho spelar rundt i heile Europa, anten saman med Baltic Sea Philharmonic Orchestra, sin eigen Trio Lumi eller med AMES strykekvartett! Så at Saimi skulle klare eksamen var inga overrasking, men ho valde krevjande musikk på eksamen sin, eg trur ho liker utfordringar!

Saimi er min yndlingsmusikar, eg har nok fått med meg 10-15 konsertar der ho har vore med! Ho spelar me hjartet og har den eigenskapen at spelet hennar fyller meg med glede! Så takk til ho, spelet hennar har redda meg i den tunge overgangen (for meg), frå vaksen til eldre...

Som leiar i laget var det ei stor glede då ho dukka opp på ei øving for over fire år sidan og lærte å danse hallingspringar på 1-2-3. Ho liker norsk folkemusikk og spesielt hallingspel, hurra! Ei øving eg aldri vil gløyme, i mai 2023, der Saimi lånte hardingfela til Åsmund, så han fekk dansa, og klinte til med nokre hallingspringarar så det var få som merka at det var ein ny spelemann som tok over!

Det at ein verdsartist kjem innom Hallinglaget og trivast har vore til stor glede for underteikna! Det er ingen tvil om at Saimi liker norsk folkemusikk, og hallingspel spesielt! Eg er sjølv sagt redd for at ho blir borte ein dag, til krevjande konsertar ulike stader i verda ... Men det siste er at ho tenker å ha Oslo som base og da så: kanskje me får oppleve henne som dansar og spelkvinne i åra som kjem? Uansett, ein stor takk til denne kvinna og alt ho har gjort for laget. Det er moro å være leiar når det skjer noko slikt i laget.

Terje



*Maestro Saimi spelar klassisk! Det kan ho!
Det er ei oppleving å høyre klassisk spel!
Begge bileta ovanfor er frå Masterkonserten og fotograf er Svein Aasen.*

*Saimi som den gale dronninga, der ho syng
som berre ho kan – ubeskriveleg! ...*

Saimi skriv om Masterkonserten sin:

«I den gale dronningens rike» – en reise gjennom skiftende verdener av lyd og identitet.

Vi begynner blant folket, der musikk og dans pulserer gjennom gatene i vill feiring. Gradvis leder stien oss oppover – mot slottet, hvor stemningen blir mer sær og mørkere.

Her, i hjertet av riket, bor dronningen. Hennes stemme, hennes sang, hennes galskap.

Denne konserten markerer avslutningen på mitt masterstudium ved Norges musikkhøgskole, der jeg har utforsket en individuell kunstnerisk vei – en som vever sammen min fascinasjon for multiinstrumentalitet, virtuositet, og kuratering.

Konserten er både en fortelling og en utforskning – av identitet, transformasjon, og de mange stemmene som lever i én utøver.

Program: Folkemusikk, Ysaÿe, Kurtág og Maxwell Davies

Medvirkende: Saimi Kortelainen (fiolin, hardingfele, seljefløyte, vokal), Elias Voll Kosberg (slagverk), Julie Rønløv Nielsen (fløyte), Karen Elise B. Fridtjofsen (klarinet), Joachim Engeli (piano, cembalo), Andreea-Maria Dumitrel (fiolin) og Elvira Göransson (cello)»

*** For ei konsertoppleving! - det var moro å vere med! ***

Faktaboks om dansinga for Saimi i Hallinglagetets Minnebok:

Dei som dansa var vener frå Musikkhøgskola og frå Hallinglaget. Dei tretten var: Svein Aasen og Anne Stuvøy, Terje Grangård og Unni Johannessen, Jon Brodal og Helen Engelstad, Hallvard Øfstaas og Susanne Boucher, Elvin Ingeborgrud Berg og Signe Dorthea Krohn Gjessing, Nina Losnedahl og Jonas Støre, samt Ingrid Lingaas Fossum. Sistnemnde, årets Folkemusikar som også kan danse, dansa tremannsdans – fyrste dans med Svein og Anne og andre med Hallvard og Susanne. Saimi takkar, for det vart godt med liv og røre ...

Danselåtene var: Silde-Per på hardingfele og Bestefarslåttan på seljefløyte.

Våre kjære småbarnsforeldre Åsmund og Ane

Hurra for *Ane og Åsmund* som klarte overgangen frå glade ungdommar til gode småbarnsforeldre! Eg antar at overgangen var stor, men dei klarte det etter god planlegging; leilegheit kom på plass og alt utstyr var ordna på fyrrihand. Så no gler alle seg, også me i Hallinglaget. Tenk fyrste baby av to medlemmer i Hallinglaget på 50 år! (so lengje me hugsar attende altså !).

Ein fin jentunge, født 3. september, som har fått namnet ***Ebba Thingstad Jøtun***.



Og Hallinglaget er sjølvsentrert:

-det var så bra at Åsmund klarte seg med permisjon i to månader, før han igjen var tilbake som spelemann! Me treng han mykje meir enn for eit år sidan, for etter at Kjetil og Lars flytta frå byen så kryr det ikkje med folk som spelar hardingfele! *Hadde ikkje vår kjære Saimi Kortelainen steppa inn så hadde det vore krise!* *Me elsker å danse til hardingfele*, så ein stor takk også til *Astrid Garmo* og *Arne Anderdal* som også bidrog bra i haust.

Etter siste speling 27. august var Åsmund tilbake att alt 5. november! Hurra!

Hallinglaget ynskjer Åsmund, Ane og Ebba alt godt i åra framover og reknar med besøk av alle ein dag når vårsola blenker ... i alle fall i løpet av 2026!

Åsmund og Ebba ein gong i Oktober 2025.

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2026

Fullt medlemskap (Hovudmedlem) for vaksne: **kr 400,-**.

Fullt medlemskap (Hovudmedlem) for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,-**

For dette året vil ungdom under 26 år som er hovudmedlem i laget danse gratis! Merk!

Bimedlemskap for vaksne, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS/NU: **kr 220,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Det er berre å betale til kontonummeret nedanfor:

Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Vipps kan også nyttast, **Vipps** kode: **737 811**.

Alle medlemmer blir registrert i Hypersys, medlemsystemet til Noregs Ungdomslag. Informasjonen som me treng er: Namn og adresse, fødselsår og e-post-adresse, samt evt. telefon-nummer.

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 12 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
- Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetsregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget får 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Så om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.no - under arbeid!

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: Hallinglaget

SØNDAGSDANSEN I STORSALEN - 1. HALVÅR 2026:

Arrangør/serveringsansvarleg, gruppe/spelemannslag og minikurs

Følg med på www.bls.no for oppdatert oversikt

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
Januar '25		
11.	Hordaringen / Fanteladdene	Bingsjøpolska
18.	Telelaget / Bærum Spelemannslag	Telespringar
25.	Hordaringen / Østerdølenenes Spellmannslag	Rørøspols
Februar '25		
01.	Hardinglaget / Farande Fant	Norsk tango del 1
08.	Symra / Symradern og Att og fram	Nordmørspols
15.	Hardinglaget / Buskspillrader`n	Norsk tango del 2
22.	Ikkje søndagsdans!	
Mars '25		
01.	BUL / Fanteladdene	?????
08.	Numedalslaget / Steinsgårdskroken	Numedalsspringar
15.	Hallinglaget / Gudåmleg	Hallingspringar
22.	Hordaringen / Gudbrandsdølenes Spelmannslag	Springleik
29.	Ikkje søndagsdans! Palmesøndag	
April '25		
05.	Ikkje søndagsdans! 1. påskedag	
12.	Symra / Eiker Spelemannslag	Sunnmørsspringar.
19.	Frøy / Kveik	Finnskogspols
26.	Valdreslaget / ?????????	???????
Mai '25		
03.	Hordaringen / Svartskog Spelemannslag	Finnskogspols?
10.	Symra / ?????????	????????
17.	Folkedansnemnda / De Frilynde	Ikkje minikurs

Velkommen til søndagsdansen i BLS, Nordahl Brunsgt. 22, Oslo.
søndagar kl. 18.00 – 22.00!

Er det noko de lurar på ta kontakt med Svein Aasen på mobil 482 99 981.

Fargekoder: Grønn farge: Avklart
Raud farge: Ikkje søndagsdans
Lilla farge: Ønske frå Folkedansnemnda

*Billett for vaksne kjøpt mellom 17:30 og 19:00 kr. 170.
Billett for vaksne kjøpt etter kl. 19:00 kr. 130.
Studenter uansett når ein kjem kr. 100.*

Beste helsing
Folkedansnemnda i BLS

Styret i Hallinglaget 2025-2026

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Åsmund Fauske Jøtun Dalehaugen 8, 0657 Oslo	Tlf.: 938 33 229-mobil E-post: asmundjotun@gmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf.: 480 34 943 – mobil E-post: gstaraldrud@gmail.com
Skrivar:	Unni Johannessen Bilbakken 3, 3570 Ål	Tlf.: 926 84 876 – mobil E-post: unni.johannessen@me.com
Medlemer:	Else Mohn Stivivegen 86, 3677 Notodden	Tlf.: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Ingrid Smette Dalbakkveien 8 D, 0682 Oslo	Tlf.: 926 84 876 – mobil E-post: isme@oslomet.no

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo

Tlf.: 482 04 652
E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Stivivegen 86, 3677 Notodden

Tlf.: 958 79 270
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin og Johnny Lund.

Danseleiar: Ulf-Arne Johannessen

Tlf.: 477 56 565

Revisor: Knut Skrindo

Tlf.: 413 12 790

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no .

Hallingbu



ERB
JR.96